



# Sandnes Idrettslag Alpint

## Årsmelding 2025

### Gruppa sine tillitsvalgte (frå og med 16/4 – 2025):

|                    |                      |
|--------------------|----------------------|
| Leiar:             | Peder Solheim        |
| Sportsleg leiar:   | Håvard Tjørhom       |
| Oppmann:           | Hilde Oksefjell Ribe |
| Kasserer:          | Ketil Lodtz          |
| Skrivar:           | Arne Vagle           |
| Materialforvalter: | Sigurd Ribe          |

### Representasjon:

|                |  |
|----------------|--|
| SI Hovudstyre: | Peder Solheim                            |
| Skikretsen:    | Sigurd Ribe, medlem i alpinkomiteén (AK) |

### Styremøter:

Styret har i 2025 hatt 9 ordinære styremøter, kor 3 var med gamalt styre og 6 med noverande styre. Referat frå styremøte er sendt Hovudstyret.

### Andre møter:

Det har gjennom året vore fleire møter med Skiforeningen i Stavanger, Jæren Alpinklubb og Sirdal Fjellpark.

Det er dessutan vore arrangert foreldremøte og informasjonsmøte for føresette.

Leiar, sportsleg leiar, kasserar og oppmann har gjennomført fleire møter for oppdatering av sportsleg aktivitet, drift og økonomi gjennom året.

### Årsmøte:

Årsmøte for 2025 er enno ikkje avhalde. Alpingruppa finn det naturleg å avhalde årsmøte i samband med avslutting av konkurranse sesong. Ny konkurranse sesong starter 1. mai.

### Medlemsoversikt 2025:

Alpingruppa har 106 aktive medlemmer pr. desember 2025.



## Sportslig aktivitet i 2025

### **Skitrening i Sirdal Fjellpark:**

Vinteren 2025 synte seg å bli svært utfordrande med tanke på trening i Sirdal Fjellpark. Det var lite natursnø vinteren 2025 og skisenteret fekk ikkje produsert snø i Storslalåm nedfarten gjennom heile sesongen. Storslalåmen er bakken klubbane normalt brukar til trening og konkurranser. Sirdal Fjellpark var på den andre sida imøtekomande med tanke på trening og stikking av løype i Dalen og i Bratthenget, men her måtte treninga gjennomførast saman med andre gjestar i bakken. Dette kan nokre gonger føre til litt interesse konflikstar.

Det var organisert trening i bakken kvar onsdag og fredag kveld samt 2 økter trening både laurdag og søndag gjennom heile sesongen frå slutten av desember og fram til og med påske. På føremiddagsøkt laurdag og søndag vart det lagt mykje vekt på trening i grunnteknikk. Sett på bakgrunn av at snøforholda var tilnærma marginale gjennom heile sesongen fekk vi gjennomført gode treningar.

Skiklubbane i Sør-Rogaland har eit godt samarbeid og vi har felles ansvar for gjennomføring av skitreningane. Det må vel seiast at det er SI Alpint som dreg den tyngste delen av lasset med tanke på trenerkompetanse, stikking og sikring av løype etc. Samarbeidet mellom klubbane er også godt når det kjem til arrangering av renn i Sirdal Fjellpark.

Fleire tidligare aktive i klubben og foreldre som har unger som sjølv ikkje er aktive lenger gjer ein uvurderleg innsats i bakken under trening. Dette gjeld såpass viktige ting som stikking av løype, oppsett av tryggleiksnett, skliing av løype under trening og rigging av tidtakar utstyr. Fleire kunne nemnast, men Kjell Korneliussen og Jan Korneliussen må nemnast særskild. Det bør også Sigbjørn O. Ribe.

Før og etter trening, samt i matpausen på laurdag og søndag samlast alle i SI Alpint i SI-hytta. Hytta fungerer dessutan som eit knutepunkt i samband med arrangement. SI Alpint må seiast å vere heldige som har ein så godt fungerande base sentralt plassert i skianlegget. Her er det ski-in og ski-out i høve til bakken

### **Skisamlingar i regi av Skiforbundet og Agder og Rogaland skikrets:**

Kvart år fram til 2025 har det vore vanleg at i haustferien til Rogaland har det vore kretssamling i Austerrike. I budsjettet for 2025 vart det budsjettert med denne samlinga. Det var dårlege tilhøve for ski i mellom Europa hausten 2025 og samlinga vart avlyst.

Tidligare år har snøsamlingar vår og somar i stor grad vore arrangert på Folgefonna. Skikretsen har leigd ein tidligare overnattingstad, Hovdenhuset, i Krossdalen på åremål. Hovdenhuset har vore tilhaldstaden for samlingar på Fonna. Det har medført at desse samlingane har vore relativt rimelige. I 2025 kollapsa breen i området kor heisanlegget står, og Folgefonna er ikkje lenger eit alternativ for oss.

Deltakarar frå SI Alpint har vore med på følgjende samlingar i regi av NSF og Agder og Rogaland skikrets:

|                       |       |
|-----------------------|-------|
| Juvass 1 og 2         | Krets |
| Snø (Lørenskog) 1 – 5 | Krets |
| Haukelid              | Krets |
| Fartssamling Ål       | NSF   |
| Fartssamling Hafjell  | NSF   |



Ein kan gjerne merke seg at av dei 10 samlingane vi har vore med på er det berre ei samling (Haukelid) som kan seiast å vere nokolunde i nærleiken, Dei andre samlingane har vore 8 – 10 timar køyring unna.

### **Barmarktrening:**

På vårparten 2025 hadde vi ei «prøvetrening» i regi av Sola Turn der dei også stilte med trenar. Basert på erfaringane frå «prøvetreninga» vart det beslutta å halde fram med dette opplegget frå og med skulestart hausten 2025. Skiforeninga i Stavanger og Jæren har gått saman med oss om opplegget for barmarkstrening.

Sola Turn har stillt med trenar. I tillegg har August Heggheim frå Skiforeninga hjelpt til for å kunne gjennomføre treningsopplegget for barmark. August er sjølv juniorløpar (U18). Erfaringane har vore gode, men vi ser føre oss nokre endringar når barmarks treninga vert teke opp att etter vinterferien. (då Sirdal Fjellpark ikkje lenger har ope om kveldane)

Treningane har vore fast kvar onsdag kl. 19.00 – 20.30. Det har vore 15 – 20 utøvarar som har delteke på barmarkstreninga.

### **Nasjonale renn 2025:**

Hovudlandsrennet (U16) 1 deltakar (Hafjell). Beste plassering 17 plass

Telenorleikane (U14) 3 deltakarar (Sogn). Beste plassering 21. plass

Bama (U12) 1 deltakar (Geilo)

### **FIS utøvarar/skigymnas:**

Klubben har i 2025 hatt 3 utøvarar på skigymnas, kor 2 går på alpin landslinje ved Narvik vgs og ein går på Voss. vgs. Alle 3 har løyst FIS-lisens og deltek aktivt på FIS-nivå.

### **Telenor-karusellen/rekrutteringsrenn:**

Dette er samarbeid mellom klubbane Skiforeningen i Stavanger, Jæren Alpinklubb, SI Alpint og Sirdal Fjellpark. Det vart arrangert 2 karusellrenn i 2025.

### **Terminfesta arrangement 2025:**

Vi har i 2025 hatt ansvar for følgjande arrangement:

- Slalåm (SL) kretsrenn Ålsheia
- Påskerennet storslalåm (SSL) i Ålsheia (avlyst grunna snømangel)
- 

### **Hovedstyret:**

Alpingruppa har delteke på dei fleste møter i hovedstyret.

### **Sosiale medier:**

Sandnes Idrettslag har felles webside for alle dei 4 gruppene kor Alpint er ei av gruppene.



SI Alpint har eigen Facebook profil som blir flittig brukt både til å gje meldinger og informasjon om arrangement.

Det er 2 operative Spond-grupper for SI Alpint. Gruppa Alpint i Sirdal har 147 medlemmer og gruppa SI Alpint har 69 medlemmer. Spond vert brukt til å organisere treningar og anna aktivitet.

Langrenn og alpint ligg begge under same forbund, NSF. Dei to andre gruppene ligg direkte under sitt forbund. Det er gjort arbeid med å få «alpinregistrerte» langrennsløparar over på langrennsgruppa og motsatt.

### Arbeid/Innsats:

Drift av gruppa er basert på dugnadsarbeid. Alpingruppa har som filosofi at klubben sine inntekter i størst mogleg grad skal kome utøvarne til gode. Det er i løpet av 2025 nedlagt betydelige mengder dugnadsarbeid i gruppa. Tal som framkjem i oversikten under ein kombinasjon av faktiske tal og estimerte tal.

|   |                   |
|---|-------------------|
| Styrearbeid: 9 møter x 3 timer x 5 deltakarar               | 135 timer         |
| Styrearbeid utenom møter                                    | 200 timer         |
| Oppmann, arbeid utenom styremøter og deltaking på treningar | 500 timer         |
| Rennplanlegging 4 møter x 5 deltagere x 3 timer             | 60 timer          |
| Dugnadsarbeid, TS dagen (inntektsgjevande dugnad)           | 180 timar         |
| Dugnadsarbeid, Sirdalsløpet (vart avvlyst grunna snømangel) | 25 timar          |
| Dugnadsarbeid, parkeringsvakt (inntektsgjevande dugnad)     | 120 timar         |
| Dugnad Sirdal Fjellpark, Ålsheia                            | 250 timar         |
| Dugnad, SI-hytta Melshei, vertskap                          | 4 timar           |
| Komitéarbeid Hovedstyret/skikrets                           | 45 timar          |
| Planlegging/koordinering barmark trening                    | 200 timar         |
| Skitrening onsdag/fredag kveld samt helger:                 | 700 timar         |
| Skisamlinger (10 samlingar)                                 | 350 timar         |
| Vedlikehald utstyr og SI-hytte Ålsheia:                     | 300 timar         |
| <b>Sum:</b>   | <b>3069 timar</b> |

### Spesifikasjon dugnadsarbeid 2025:

Vi har i 2025 hatt dugnadsjobbar under vinter/sommer sesongen.

- TS-Dagen, arrangerar skidag for gruppa sin hovudsponsor, 435 deltakarar frå TS.
- 2 Parkeringsvakter ved Sørmarka Arena arrangement,
- På grunn av snømangel vart Sirdalsløpet, skjærtorsdag i påska, ikkje arrangert i 2025. Dette er normalt ei viktig inntektskjelde for gruppa. Dugnaden hadde også inkludert organisering av parkering i samband med løpet
- Sirdal Fjellpark med rydding i nedfarer før sesongstart.
- Vertskap SI-hytta, Melsheia ved eit høve.
- Vedlikehald/oppussing av SI-hytta, Ålsheia

### Økonomi:

Budsjettet for 2025 skulle balansere med 0 basert på ei omsetnad på kr. 1.013.000.

Rekneskapa for 2025 syner eit underskot på kr. 68.430 og ein omsetnad på kr. 556.228.



Det kan i samband med dette kommenterast at samlinga i Austerrike gjekk ut grunna snømangel i mellom Europa. Vidare kan det kommenterast at Sirdalsløpet gjekk ut også grunna snømangel i påsken 2025, At Sirdalsløpet ikkje vart arrangert resulterte i at vi også missa inntekter.

### Eigedelar, egne og felles med Skiforeininga og Jæren:

- Langstaur, juniorstaur, kortstaur (egne + felles) ca. 300 stk
- Drillar (egne) 3 stk
- Tryggleiksmatter/nett (felles) 3 stk
- «Alge Timing» tidtakarutstyr, FIS godkjent (felles) 1 stk
- «Freelap» tidtakarutstyr inkl. tidtakarbrikker (felles) 1 stk
- Videokamera + stor skjerm (eige) 1 stk
- Portflagg (egne) 180 stk
- Startnummer (egne) 250 stk
- Radioar m/ladar og koffertar (egne) 12 stk
- Tilhengar (eigen) 1 stk
- River (felles) 2 stk
- Ryggspørte (eigen) 1 stk
- Smørebord (eige) 1 stk
- Tvinger til smørebord (egne) 2 sett
- Treningsutstyr for barmark: Landhockeysett, skumputer, hoppestativ, baller med meir.

### Målsettingar:

Gjennom fysisk aktivitet, samhold, motivasjon, og engasjement for aktive alpinistar og tilhøyrande familie har vi som mål å skape **varig skiglede** hjå våre medlemmer. Vi ynskjer primært å satse på breidde og å utvikle utøvarane sine sportslege og sosiale eigenskaper. Dei som ynskjer å bli veldig gode skal også kunne finne sin plass i SI Alpint. Det er gjennom breidde vi kan klare å få frem toppane, og samstundes vite at toppene er viktige for å motivere og skape breidde.

SI Alpint vil vere ein aktiv pådriver for å hjelpe Sirdal Fjellpark til å legge til rette for sportslig aktivitet. Vi vil framleis vere positive til dugnadsarbeid i Ålsheia då dette er ein vinn/vinn situasjon for alpinsporten.

Vi vil forsøke å halde utøvarane våre aktive med skiidrett også etter ungdomsskuletrinnet. Det er ei målsetting å halde dei i lokale aktivitetar slik at vi kan auke talet som deltek i junior og seniorklassene. Vi forsøker å legge til rette for at utøvarar som ikkje lenger ynskjer å vere like aktive i regional og nasjonal samanheng ein moglegheit til å bidra som trenarar i lokal bakke. Vi voner dette kan motivere dei til å bli i miljøet og på den måten bidra til at dei yngre også vert motivert av eldre utøvarar som er gode på ski og har gode haldningar.

Økonomi vil vere eit viktig satsingsområde for å bidra til sportsleg aktivitet. Det er difor viktig å halde fokus på inntektsgevande dugnadar, sponsorar og forsvarleg pengebruk i gruppa slik at vi har økonomi til å drive idretten på ein god måte.

Alpinidretten har ei utfordring som ikkje så mange andre idrettar treng å tenkje så mykje på. Dei fleste alpklubbar i Norge må trene i kommersielle anlegg. (Nokre få klubbar eig bakken sjølv og nokre klubbar kan



trene i kommunalt eigde anlegg) Dei to siste sesongane har det vore utfordrane å få treningsbakken, Storslalåmen, preparert. Det har vore lite natursnø desse to åra og vi har vore avhengig av at det vert produsert kunstsno. Av alle nedfartar i Sirdal Fjellpark er Storslalåmen kanskje den minst kommersielt interessante nedfarten. Eit resultat av dette er at Storslalåmen er den bakken det sist vert produsert snø. Det er mogleg å gjere dette problemet mindre ved at klubbane sjølv tar over produksjon av snø i Storslalåmen. For å lukkast med dette er det teke initiativ til at Sirdal Aktiv Alpint AS vert stifta og det er sett ned eit interimstyre med ein representant frå kvar av klubbane samt 1 representant frå Sirdal Fjellpark. Interimstyret har i 2025 hatt nokre møter og det er knytta kontakt med NSF sentralt, NSF Agder og Rogaland og Agder fylkeskommune med tanke på at Sirdal Aktiv Alpint kan stiftast og operere innafør rammene av at ein vert godtkjent for spelemidlar frå Norsk Tipping.

Til slutt må vi takke alle aktive og leiarar samt andre som har bidrege for klubben og idretten. Vi har hatt ein aktiv sesong med flotte prestasjoner og nye medlemmer som har starta i alpingruppa.